

# MØTEBOK

<b>Kommune</b>	<b>Styre, råd, utval</b>	<b>Møtestad</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Frå kl. 19.00</b> <b>Til kl. 21.30</b>
Aurland	fjellstyret	Fjordsenteret	13.6.23	

## TIL STADES PÅ MØTET

**Medlemar** Sigurd Vikesland, Erling Nesbø, May Britt Martinsen, Tor Olav Kvam, Leif Turlid.

**Vara-medlemar**

**Andre** Håkon Øydvinn, Harald Skjerdal.

## HANDSAMA SAKER

Sak nr./år

14/23, 15/23, 16/23, 17/23, 18/23, 19/23, 20/23, 21/23, 22/23, 23/23.

## UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med våre underskrifter at blada i møteboka som vi har signert for er førde i samsvar med det som blei fastsett på møtet.

## UTSKRIFTER

Hovudutskrift er sendt til

Fjellstyremedlemene og – varamedlemene.

## MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 13.6.23

Stad: Fjordsenteret

---

### Sak 14/23. Referat og meldingar

Følgjande meldingar låg føre:

- 1) Møtebok fjellstyremøte 18. april
- 2) Isfiskedag i Stemmerdalen gjennomført 23. april (sjå omtale på heimesida)
- 3) 25.4: Tilskotsbrev frå Norges fjellstyresamband: Tilskot til generelle rekrutteringstiltak innan friluftsliv: kr 25.000
- 4) 8.-12.5: Me hadde ein student frå Evenstad i praksis: Eirik Vetrhus Dørheim
- 5) 9.5: Melding frå Statnett om at bygginga av ny 420 kV-leidning vert igangsett no, med utgangspunkt frå både Frønningen og Aurlandsfjellet
- 6) 31.5.-1.6: Landsmøte og fagdagar i Villreinrådet, Beitostølen
- 7) 12.6: E-post frå Håkon Skjerdal om boklansering 13.10., av boka «Massakren i Nordfjella.» **Merknad:** Fjellstyret stiller seg positive til å vera medarrangør for denne tilskipinga.
- 8) «Villreinen» 2023 vart utdelt til medlemmane.
- 9) Jegermøte i Aurland vert tysdag den 15. august. Samarbeid mellom fjellstyret, grunneigarlaget og villreinutvalet.

## MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 13.6.23

Stad: Fjordsenteret

---

Sak 15/23. Opplegg for reinsjakta 2023 - samjaktavtalar, ordninga med dagskort, jaktlag og bruken av fellingsløyva på Broksfjell

Saksutgreiing låg føre.

### **Handsaming i møtet:**

Når det gjeld ordninga med dagskort, meiner fjellstyret at dette skal nyttast av den som er tildelt kortet, ikkje inngå i jaktlag.

Fjellstyret vil ikkje søkja direktoratet om dispensasjon frå reglane om jaktlag på statsallmenning i år, men innretta seg etter dei generelle reglane.

### **Samrøystes vedtak:**

#### Samjaktavtalar:

Aurland fjellstyre går inn for å vidareføra samjaktavtalen mellom fjellstyra og private jaktfelt i sone 2 Nordfjella villreinområde, med måndag 28. august som startdato.

#### Dagskort:

Aurland fjellstyre går inn for å vidareføra ordninga med dagskort på villreinjakt og set av eit bukkaløyve til ordninga. Ordninga skal lysast ut på heimesida til fjellstyret med søknadsfrist 3. juli, trekninga blir føreteke administrativt på fjellstyrekontoret. Prisen er 500.- kr pr. dag + prisen på fellingsløyvet ved felling.

#### Jaktlag:

Fjellstyret vil ikkje søkja direktoratet om dispensasjon frå regelverket om jaktlag på statsallmenning i år, men innretta seg etter dei generelle reglane som ligg i forskrifta om jakt, fangst og fiske i statsallmenning.

#### Bruken av fellingsløyva på Broksfjell:

Aurland fjellstyre går inn for dela ut alle 15 fellingsløyva på Broksfjell. Då får statsalmenningen 4 løyve til fordeling på søkjarlista.

## MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 13.6.23

Stad: Fjordsenteret

---

### Sak 16/23. Trekking av fellingsløyva for rein

Saksutgreiing låg føre. Trekkinga vart gjort i samsvar med prosedyren som er skissert i saksutgreiinga.

### Sak 17/23. Søknad frå skyttarlag Blåfjell og Undredal om ei helg hjortejakt som premie i karusellskyting

Søknad låg føre, utan saksutgreiing.

#### **Handsaming i møtet:**

Tor Olav Kvam gjekk frå under handsaminga av saka, som leiar i Blåfjell skyttarlag.

#### **Samrøystes vedtak:**

Skyttarlag Blåfjell og Undredal vert tildelt dagskort for ei helg med hjortejakt i Nordheimsdalen, som skal trekkjast mellom deltakarane i karusellen.

### Sak 18/23. Søknad frå Aurland skyttarlag om gåvepremie til landsdelskretsstemne i bane- og feltskyting 17.-18.juni

Søknad låg føre, utan saksutgreiing.

#### **Samrøystes vedtak:**

Fjellstyret løyver kr 500 som bidrag til gåvepremie.

### Sak 19/23. Plan for fiskeutsetjinga i statsallmenningen 2023

Saksutgreiing med plan for fiskeutsetjinga låg føre.

#### **Samrøystes vedtak:**

Fiskeutsetjinga i Aurland statsallmenning sommaren 2023 vert gjennomført i samsvar med plan som ligg ved saka. Det vert tinga 5300 setjefisk frå Aurland Setjefisk SA.

## MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 13.6.23

Stad: Fjordsenteret

---

### Sak 20/23. Søknad frå to utanbygds garnfiskarar om dispensasjon frå fiskereglane for statsallmenningen

Saksutgreiing vedlagt to søknader låg føre.

#### **Samrøystes vedtak:**

To utanbygdsbuande fiskarar (Jan Eira på vegne av fiskelag på 4, og Lars Nødtvedt), som har søkt om dispensasjon frå fiskereglane i Aurland statsallmenning for å fiska med garn i fleire vatn enn dei tre vatna som § 10 i fiskereglane opnar for, får utvida lista over vatn det kan fiskast i med følgjande 2 vatn sesongen 2023:

- Store Vargevatnet
- Langavatn/Adamsvatn

Nyhellermagasinet vert ikkje opna for garnfiske for utanbygdsbuande fiskarar i år.

### Sak 21/23. Småviltjakta 2023 – jakttid, tal jaktkort, dagskvote m.m.

Saksutgreiing låg føre.

#### **Samrøystes vedtak:**

- Jakttida for jakt på rype og hare i Aurland statsallmenning for jaktåret 2022/2023 vert 25.9. – 23.12. Jakt på hare kan i tillegg føregå i tida 1.1. - 28.2. For andre artar, som rev, ramn, mår, røyskatt m.fl. gjeld jakttidene som er fastsette av staten.
- Dagskvoten vert fastsett til 2 ryper per jeger (gjeld for kvar kalenderdato, kan ikkje flytta «ubrukt» kvote frå ein dag til neste, eller mellom jegerar).
- Talet på kort som vert lagde ut for sal til utanbygdsbuande jegerar gjennom Inatur.no med salsopning 1. september kl. 12.00 vert sett til 75, fordelt slik:
  - 20 dagskort
  - 20 todagarskort
  - 15 tredagarskort
  - 10 vekekort
  - 10 sesongkort

---

Aurland, den 11.7.23

Utskrift til: Fjellstyremedlemene og  
-varamedlemene.

## MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 13.6.23

Stad: Fjordsenteret

---

*Sak 21/23, framhald:*

- 25 kort til Steinberdalshytta (5 dagskort, 10 2-dg. og 10 3-dg.)
- I tillegg vert det lagt ut 10 dagskort på Inatur med salsopning 1. oktober.

I tillegg til tala ovanfor, kjem sal av jaktkort til innanbygdsbuande jegerar gjennom fjellstyrekontoret. Fjellstyret kan, om naudsynt, gjera ei ny vurdering i august av dagskvote per jeger og kor mange jaktkort som skal seljast.

Sak 22/23. Søknad frå DNT Oslo og omegn om løyve til helikoptertransport til Kongshelleren

Saksutgreiing vedlagt søknad låg føre.

**Samrøystes vedtak:**

Fjellstyret gjev DNT Oslo og Omegn løyve til helikoptertransport med landing ved Kongshellerhytta i Aurland statsallmenning i tida 1.9.-15.10., i samsvar med søknad motteken av fjellstyret den 6.6.23.

Sak 23/23. Utkjøp av VW Caddy ved utgang av leasingperioden

Dagleg leiar informerte om at leigeperioden på 5 år snart går ut, og om kontakt som har vore i saka mellom fjellstyret og Berge & co.

**Handsaming i møtet:**

Fjellstyret meiner det vil vera fornuftig å kjøpa ut denne bilen når leigeperioden går ut i slutten av juli 2023. Det må forhandlast for å gjera prisen så rimeleg som råd.

**Samrøystes vedtak:**

Fjellstyret ynskjer å kjøpa ut ein leigd VW Caddy når leasingperioden på fem år går ut i slutten av juli, under føresetnad av at ein får avtalt ein fornuftig pris.